

# BOKN BYGDEBLAD

NR. 3 - APRIL 1989

ÅRG. 4

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## BOKN PLAST

### I BALANSE I 1988

I desse heller labre tidene på arbeidsmarknaden har Bokn Plast den siste tida verken hatt oppseiingar eller permitteringar.


I 1988 hadde bedrifta rekna med eit underskot i rekneskapen, men kom ut i balanse. Dette skuldast at salet av produkta har vore større enn venta. Bokn Plast hadde ein netto omsetnad på 18 mill. kroner i 1988, og har greidd seg betre enn mange av konkurrentane. Faktisk er det konkurrentar som har gått konkurs den siste tida, og dermed har dei gjenverande fått fleire oppdrag. Bokn Plast har ikkje auka produksjonen den siste tida, men fått større marknadsandel.

Det er dagleg leiar ved Bokn Plast, Gunnar Eide, som seier dette i ein samtale med Bokn Bygdeblad.

Bokn Plast produserer alle slags typer tankar innafor avløpssektoren. Eit nytt produkt er nå på trappene, nemleg Mini-renseanlegg for enkeltbustader. Dette er eit produkt som i prinsippet fungerer på same måte som offentlege renseanlegg.

Prosjektet er nå inne i ein god-kjenningsfase, og bedrifta har 3 anlegg i drift i Akershus for å prøva produktet ut. I vinter har 400 røyrleggarar i landet vore kursa med tanke på service av mini-renseanlegg.

Når det gjeld andre produkt frå Bokn Plast, seier Gunnar Eide at bedrifta stadig må driva med produktutvikling. For eksempel har produksjonen av kar for oppdrett avtatt til eit minimum.



Toppen for desse produkta var i 1986. Totalt sett blir det også på landsbasis nå omsett mindre antal septiktankar enn før, mellom anna p.g.a. redusert byggeverksemd. Også den tradisjonelle septiktanken har vore gjennom stadier av utvikling, og er forbetra i forhold til tidlegare. Andre produkt har vore sporadiske produksjonar av vasstankar og latriner til eksport for utviklingsland.

Bokn Plast satsar nå på at det nye mini-renseanlegget skal overta noko av det som går ut av andre produkt. Det nye mini-renseanlegget er berekna for plassering i hagen som ein septiktank, men vil ta noko meir plass. Eit mini-renseanlegg vil kosta kr. 37.000,- i utsalspris.

## BOKN PLAST framh.

Produktet har vore brukt ein del år i Amerika. Det kan også produserast i slik storleik at det kan brukast felles for ei gruppe på fleire hus.

Bokn Plast har nyleg søkt etter ingeniør. Dei fekk 27 søkerar, og tilsetjingsprosedyren er nå i gang. Hovedoppgåva for den nye ingeniøren vil bli produktutvikling.

Lagerplass er eit problem for Bokn Plast. Bedrifta har nyleg vore i kontakt med kommunen med tanke på å få ei løysing på dette.

Bedrifta har ynskje om eit 5-6 mål stort område.

I dag har Bokn Plast 20 tilsette. Det er ei stabil arbeidskraft med lite fråver eller skifte av personale.

## "Sonja I"

Bygdebladet har lyst å presentera gamle fiskebåtar og skøyter som høyrde til i Bokn før.

Me har vore på besøk hjå Østen H. Hognaland og fått oss ein prat om fisketider han hugsa. Han kunne rekna opp namn på fleire gamle skøyter. For eksempel "Heina" - "Dora" - "Havhug".

Men Østen kan fortelja at det var "Sonja I" som var den første skøyta som blei innkjøpt ny til Bokn.

Det var Olav, Erling og faren deira Peder Alvestad som var eigarane. Kjøpte den i 1930 i Risør. Det var ei eike-skøyta, 50 fot med 30 Rubb maskin.

Den var så fin, at alle som ein som var fiskar måtte snu seg og sjå. I den tida var den Rogalandspryd.

Østen trur prisen var ca. 20.000 kr. Og for dei som veit kva timabetaltinga var i den tida, kan ein forstå det var ikkje mange boknerar som kunne våga å satsa slik. "Sonja I" blei brukt til brisling-fiske om sumaren. Då kunne dei vera 10 mann. Der var liggje-plass til 6 mann framme, dei andre låg i rommet.

Bygdebladet spør om korleis dei fekk vaska seg, og andre nødvendige ting?

Då får me berre ein koseleg og lune lått til svar frå Østen.

Om vintrane den fyrste tida kjøpte dei opp sild ved Drevsund-Skudesnes, og førte til Haugesund. Då var dei berre to mann. I tida før 1929 hugsa Østen dei fekk ca 2 kr. hl. for silda. Det var ikkje noko "sildalag" då, så dei baud over kvarandre med 5 og 10 øre. Og fiskarane fekk pengene i lomma med det same.



Seinare blei "Sonja I" litt fornaya med større styrehus og 40 hestar motor.

Me kunne nok nemd mange kjende som har vore mannskap. Men, veit særleg Adolf Våge - Marton B. Våge og svigerson hans Leif Aksdal.

I 1957 kjøpte Østen og Peder Hognaland 1/2 part i den av Erling Alvestad.

Og i 1963 blei den sold til Kvitsøy og brukt til rekefiske.

Etter få år blei den sold vidare til Amerika. Og det siste Østen har hørt, er at den havarerte i den Engelske kanal.

Men, kanskje ligg den "speil-blank" og skin i ei ukjend hamn den dag i dag - kven veit.

## ÅRSMØTE I SANITETSFORENINGA

Bokn sanitetsforening sitt årsmøte vart halde 28.februar 1989 på Allrommet i Boknatun.  
Årsmelding og rekneskap vart vedteke utan merknad. Årsmeldinga syntet eit jamt godt arbeidsår. Det hadde vore halde 3 styremøter og handsama 16 saker.  
Det var gjeve pengegåver til Sanitetten sine merkesaker; Kreftsaka, Reumatismen o.a. Det var også gjeve ei ny seng, nytt fjernsyn og nye songbøker til Bokn sjukestova.  
Alle over 80 år og pasientane på sjukestova hadde fått blomehelsing til Jul, ca 30 stk.  
Den 16.juni var ca 40 eldre med på dagstur til Bryne med middag på Jæren hotell og kaffi og kaker på Bryne sanitetsforening sin velferdssentral.  
1.november tok Sanitetten til med "Tysdagstrekk" på Allrommet frå kl. 10-13. Der får "Kin så helst" kjøpa "Kaffi og 4 vaffelkager med syltety" for 5,- kr., og attåt så får ein seg ei kosestund. Biblioteket er og ope då.  
Adventfesten for eldre var 16.desember med bra frammøte. Ei fin førjulstemning med god "Graut", kaffi og kaker. "Lusia", song, andakt o.a.

Det er selt ca 800 maiblomar, 600 landslodder + Julemerker og laga og selt ca 250 fastelavensris. Basaren vart halden på Bokn skule og resultatet var kr.25.400,-.

3 arbeidslag er i arbeid med ca 30 medlemmer og Bokn sanitetsforening har i alt 269 medlemmer.

Det nye styre er no:

Inger Sønnøve Bokneberg, leiar  
Ragnhild Laupland, nestleiar  
Ingunn Våge, styremedlem  
Reidun Grønnestad, styremedlem  
Marianne Øvrebø, styremedlem  
Haldis Grønnestad, styremedlem  
Liv Karin Trosnavåg, styremedl./kass.  
Oliva Håland, varamedlem  
Solveig Kro, varamedlem  
Astrid Jøsang, varamedlem  
Bertha Våge, revisor

På årsmøte vart det gjort eit samrøystes vedtak om å kjøpa ein Hjerte-Defibrillator (Hjertestart). Elles så hadde årsmøtet besøk av overlege i psykiatri Sigurd Wisløff frå Haugesund som heldt eit godt foredrag om psykiske lidelser. Me fekk og stilla spørsmål. Ei lita lyncutlodning gav som resultat kr.1.408,-. Frammøtet var bra - 34 stk.

T.

## HJERTE-DEFIBRILLATOR (HJERTESTART)

Bokn sanitetsforening gjorde på årsmøte sitt eit samrøystes vedtak om å kjøpa Hjerte-Defibrillator, men den kostar mange pengar heile 69.000 kr. og så mange kroner har ikkje Sanitetten til råvelde i dag. Men alle pengane som kjem inn på Basaren skal gå til Hjertestartaren. Og er der nokon andre lag eller firma som vil vera med å gi så er det kjærkomne gåver. Eit er sikkert. Ein veit aldri kven som fyrst får bruk for noko slikt. Eg eller Du.

M.K.T.

## VÅRBEKKEN

Du vårbekk som brusar og klukkar og ler,  
i fanget du vinteren med deg ber.  
Du fossar og fyk,  
det renn og det ryk,  
med hastverk du ut imot havet stryk,  
og so - so er våren her!

(Trygve Bjerkheim)

FRA SKULEN



## 5. KLASSE LAGER KLASSEAVIS

Her kjem nokre smakebitar frå avis til 5.klasse.  
Me har valgt ut to intervju, eit med Dag Halvorsen den nye rektor-en, og eit med Hans Faye, kommuneingeniøren.

### INTERVJU MED HANS FAYE :

**Brannøving med brannbilen:**

Korleis opplevde du den øvinga?  
Det var en lærerik øvelse. Det var første gangen vi hadde en sånn øvelse, så vi var spente på hvordan vi skulle klare å mestre denne situasjonen. Det viste seg å gå ganske bra. Vi gjorde mange nyttige erfaringer. De skal vi bruke til å forbedre ulykkes-beredskapen.

Kor lang tid brukte dokke for å slokka brannen?

Det gikk omrent 50 minutter fra vi fikk varsel om ulykken til vi hadde tatt hand om alle de "skadde".

Kor var det det skjedde?

**Verkeleg brann:**

Kor lang tid var det til dokke var til stades?

Det tok omrent 10 minutter fra vi fikk varsel om brannen og til vi var der ute og fikk startet slokkings-arbeidet.

Var det mykje skader på huset?

Den delen av huset der brannen starta var totalskadd.

Var det mykje strev å slukke brannen?

Jeg vil ikke si det var mye strev, for brannen hadde egentlig slukket av seg sjøl. De som kom til hadde lukket vinduer, så ilden ble rett og slett kavlt.

Korleis oppstod brannen?

Dette vet vi ikke noe om, men etter som lensmannen sier, har det vel blitt antent av åpen ild - et lys eller et eller annet - som har brent ned og tatt fyr i noe i nærheten.

Vart nokon skada?

Ingen ble skadet.

**Bru og nye veger:**

Korleis synes du det blir når bruak kjem?

Det er ikke så godt å vite hvordan det egentlig blir. Jeg tror imidlertid at den nye vegen vil bety mye for kommunen. Også for mange enkeltmennesker vil vegen være viktig. Folk kan for eksempel bo i kommunen og ha arbeidet sitt både i Haugesund, i Tysvær eller i Vindafjord. De kunne pendle på en mindre strevsom måte enn i dag. For de som skal gå på videregående skole blir det jo lettere å bo hjemme etter at bruva kommer.

Kvifor skal vegen gå under hovudvegen som er no?

Kva blir det viktigaste endringane for oss som bur på Bokn, trur du?

Det viktigste er at kommunen blir bevisst den nye situasjonen. Det blir kanskje en ny tid. Det er viktig at alle innbyggerne tenker positivt og prøver og kommer på nye ting som kan skje som et resultat av den nye vegen.  
Jeg tror vegen vil få en stor betydning dersom vi bare er flinke nok til å tenke framover!

**GULLINGEN VINTER-LEIRSKULE**

Mandag 6.mars reiste 6. og 7.klasse til Gullingens.

Buss frå Suldal stod klar på kaien i Kopervik. Det var mykje bagasje som skulle inn i bussen. Bussen inn til Ropeid tok ca 1½ time. Derifrå tok me ferja inn til Sand. Den siste halvtimen opp til Gullingens i frå Sand, var me mest spente på kor mykje snø det var, og korleis romma såg ut. For det meste gjekk me på turski, men dei som ville fekk også prøva seg i slalombakken. Der oppe lærte me bl.a. om snæskred, korleis me laga kjelke og båt. Me drog på lange turar, og på natursti med postar.

Om kveldane var me ute på idrettsplassen kor det var flomlys.

Ellers hadde me felles kveldssamling med sketsjar, leikar, konkuranser og liknande.

Veret var ikkje det beste, men me hadde ei kjekk veke.

Så dykk som skal opp til Gullingens seinare år.

GLED DYKK!

Helsing 6.klasse  
Kristi og Anne-Tove

**FASTEINNSAMLINGA  
PÅSKEN 1989**

Resultatet blei kr.12.000,-.  
Stor takk til alle gjevarar, og til årets konfirmantar som var villige bøsse-bærarar.

I.H.

**INTERVJU MED  
DAG HALVORSEN**

Kva tid er du født?  
Eg er født i 1944.

Er du gift? Ja.  
Eg har tre unger, ein som går i 9. klasse, ein som går i 7.klasse og ein liten som går i 2.klasse.  
Kona mi heiter Anne (uttalest Ann)

Kvifor søkte du jobb på Bokn?  
Fordi det virka spennande og jobba i ein kommune som Bokn.

Har du tenkt og busetje deg på Bokn?  
Nei, fordi eg har familie og vener i Tysvær og tre ungar i skulen som ikkje har så lyst til å flytta på seg.

Kva forventningar har du til jobben på Bokn?  
Det blir nok spennande og eg gler meg.

Kvar jobber du nå?  
Skulekontoret i Tysvær.

Kva går jobben din ut på?  
Eg held kurs for lærerane og hjelper til med korleis dei skal jobbe og eg lager saker til skulestyret.

Lillian og Astrid

**DAGEN I DAG.**

Dagen i dag er en merkelig dag  
den er din.  
Dagen i går slapp deg ut av hendene.  
Den kan ikke få annet innhold enn  
du alt har gitt den.  
Dagen i morgen har du ikke noe løfte på.  
Du vet ikke om du kan regne med  
å råde over den.  
Men dagen i dag har du,  
det er det eneste du kan være sikker på.  
Den kan du fylle med hva du vil.  
Benytt deg av det.  
I dag kan du glede et menneske.  
I dag kan du hjelpe en annen.  
I dag kan du leve slik at noen i kveld  
er glad for at du er til.  
Dagen i dag er en betydningsfull dag.  
Den er din.

## STRID OM MOLO

### I KROVÅGEN

Tidlegare i vinter vart det sett i gang arbeid med bygging av molo i Krovågen. Arbeidet vart sett i gang etter at eigarar av området i samarbeid med Bokn kommune og Vegvesenet gjorde ein avtale om at overskotsmasse av Stein vart kjørt ut i Krovågen.

Etter ei tid kom det skriv frå ein annan eigar i området, Olav G. Larsen, om at moloen var oppført utan at søknad om bygging hadde vore fremma for Kystverket eller Bokn bygningsråd.

Olav G. Larsen såg også bygging av molo med dei dimensjonane dette har fått som svært øydeleggande ut frå naturvernghensyn, og at Krovågen vert delt. Dette hevdar han vil ha begrensande verknad for bruk av eige sjøhus og brygge.

Olav G. Larsen gir i skrivet til Bokn kommune uttrykk for at han ønskjer å finna ei løysing på konflikten som kan aksepteras av alle partar.

I møte mellom Olav G. Larsen og rådmannen i Bokn har Olav G. Larsen sett fram ein del krav.

I formannskapssak 27/89 vart saka tatt opp, og i rådmannen sine merknader til saka seier han m.a. at framgangsmåten ved bygging av moloen i Krovågen ikkje er i samsvar med gjeldande lovverk, og at det var Bokn kommune som etter avtale med Vegvesenet hadde ansvar for at det skulle liggja føre avklaring

med alle berørte grunneigarar før arbeidet vart starta opp, medan Vegvesenet skulle sokja Kystverket om byggeløyve for moloanlegget.

Formannskapet gjorde slikt vedtak i saka:

1. Bokn formannskap stiller seg positiv til at konflikten i Krovågen vert forsøkt løst i minneleghet med ein avtale mellom Olav G. Larsen m/fleire og Bokn kommune.

2. Bokn kommune påtar seg ansvaret for at moloen i Krovågen vert bygd ferdig etter ein plan godkjend av Kystverket. Planen førelegges Olav G. Larsen før arbeidet vert starta. Arbeidet på moloen skal stå ferdig innan 1. juli 1989.

3. Utslepp av silosuft er eit generelt problem i kommunen, og dette forholdet vil bli tatt opp i annan samanheng.

4. Bokn kommune påtar seg ansvaret for at vegen frå fylkesveg og fram til Olav G. Larsen m/fleire sin eigedom vert sett i skikkeleg stand.

5. Under forutsetning av at effektive båtplassar i moloen blir 30 meter, får Olav G. Larsen m/fleire leiga 2 båtplassar à 2,50 meter innanfor moloen. Dersom moloen blir kortare enn 30 meter, reduseres antall metrar av båtplassane tilsvarande.

Leige pr. båtplass vert sett til kr. 500,-, og leigetid vert sett til 10 år.

6. Framlegget frå Olav G. Larsen m/fleire om delvis omregulering av eigedom og utskilling av enkelttomtar må handsamast på vanleg måte av kommunale og statlege utval etter søknad frå eigarane. Ein vil likevel se på framlegget som eit innspill i det arbeidet som no er igang med arealdelen og hytteplanen i kommunen.

I møte den 14.mars behandla formannskapet på ny saka:

Bokn formannskap viser til tidlegare vedtak i sak 27/89. Etter forhandlingar med Olav G.Larsen vert det gjort følgjande tillegg/endring av pkt.5 i sak 27/89:

"Under forutsetning av at effektive båtplassar i moloen blir 30 meter, får Olav G.Larsen m/fleire leiga 1 båtplass å 2,50 meter og

oppasjon på leige av 1 båtplass av 1,50 meter.

Dersom moloen blir kortare enn 30 meter, reduseres antall metrar av kvar båtplass tilsvarande.

Den eine båtplassen skal leigast uten omkostningar for Olav G.Larsen m/fleire.

Den andre båtplassen kan leigast for ein pris på kr.500,- pr. år, og med ei leigetid på 10 år."

## KAPPROING 17. MAI

Det har vore tradisjon i Bokn å arrangera kaproing 17.mai. Også i år vil me prøva og få til denne tevlinga. I fjar var det svært därleg deltaking, men me håper på større interesse dette året.

Dei som har lyst til å vera med på kaproinga i år, bør finna ei eller ein å ro i lag med og meldt seg på konkurransen innan 10.mai. Det hadde vore ekstra koseleg om dei som blei med kunne ha kledd seg ut litt.

Det er fire klassar:

Dame junior og senior og Herre junior og senior.

Henv. til:

17.mai komiteen  
v/Sigrunn Hole Hosaas

17.MAI -89

## Meld deg på til STJERNESMELL PA FOLKEFESTEN OM KVELDEN!

Alle over 15 år har no sjansen til å vera med.

Kom ein eller to eller fleire i lag!  
Slepp fantasien laus;  
finn på noko gøy,  
det er lov å kle seg ut!

### FØRSTEPRIMIE:

Kafetur til KOPERVIK med GULLHØNÅ!!

Skund deg og meld deg på innan 15. april til tlf.: 748570 (Signe) Solheim eller 748514 (Berit) Are.

## FARGERIKT

### 17.MAI TOG??

Me i kulturstyre veit at det finst mange lag og foreiningar i Bokn som er meir eller mindre aktive. For å få eit endå meir fargerikt 17.mai-tog i år utfordrar kulturstyre dei ulike lag og foreiningar om å koma saman og laga eit innslag til 17. mai-toget. Eksempelvis fane/plakat eller ein klesdrakt som presenterer laget.

Det kan bli ei hyggeleg overrassing til det laget eller den foreininga som har best fantasi.

LUKKE TIL!

Helsing 17.mai-komiteen.



**BOKN KOMMUNE**

4290 FØRESVIK

## FERIEVIKARAR BOKN SJUKESTOVE

Det er behov for ferievikarar ved Bokn sjukestove sommaren 1989. Det er ynskjeleg med utdanning/praksis frå helsesektoren, men også andre kan søkja.

P.g.a. driftsforma er det nødvendig med førarkort for bil.

Søknad innan 21.april 1989 til Bokn sjukestove, 4290 Føresvik.

# NYE FLAGGRUTEBÅTAR I MAI

DSD vil i løpet av mai månad setja inn sine eigne nye båtar i den såkalla Flaggruta.

Dei vil erstatta dei to innleigde katamaranane som selskapet nå har.

Frå 1.mai 1989 vil Stavangerske forandra noko på avgangstidene for alle hurtigbåtane.

Den justerte ruteplanen er nå sendt samferdselskontoret i Rogaland for godkjenning, og er såleis ikkje

heilt endeleg.

Bokn kommune har lenge hatt ynskje om at Flaggruta skulle gå innom Føresvik. Dette ynskjet er heller ikkje denne gongen imøtekome, og kommunen vil klaga på dette ovafor samferdselskontoret i fylket.

Her er forslaget til nye ruter frå 1.mai 1989.  
Endelege ruter vil koma før 1.mai 1989.

## RUTEPLAN FOR FLAGGRUTEN OG WESTAMARANRUTEN

**Gjelder fra 1. mai 1989 og inntil videre.**

	HVERDAGER					SØNDAGER				
	Kat. W86	Kat. W86	Kat. W86	Kat. W86	Kat. W86	Kat. W86	Kat. W86	Kat. W86	Kat. W86	
Fra Stavanger	0745	0915	1230	1530	1700*	1930* <sup>2</sup>	1230	1530	1700	1930 <sup>2</sup>
Vikevåg		0945				2000*				2000
Føresvik	X	1020	-	1630	-	2035*	-	1630	-	2035
Kopervik	0835	1035	1320	1645	1750*	2050*	1320	1645	1750	2050
Haugesund	0905	1055	1350	1710	1820*	2110*	1350	1710	1820	2110
Mosterhavn	0940		1425		1855*		1425		1855	
Leirvik	1005		1450		1920*		1450		1920	
Flesland	1110		1555		2025*		1555		2025	
Bergen	1135		1620		2055*		1620		2055	
	W86	Kat. W86	Kat. W86	Kat.		W86	Kat. W86	Kat.		
Fra Bergen		0745	1245	1700*		1245		1700		
Flesland		0805	1305	1720*		1305		1720		
Leirvik		0915	1415	1830*		1415		1830		
Mosterhavn		0935	1435	1850*		1435		1850		
Haugesund	0710	1020	1330	1520	1730*	1935*	1330	1520	1730 <sup>1</sup>	1935
Kopervik	0735	1040	1350	1540	1750*	1955*	1350	1540	1750	1955
Føresvik	0750	1055	1405	X	1805*	XX	1405	X	1805	-
Vikevåg	0820		1440		1840*		1440		1840	
Stavanger	0850	1135	1510	1635	1910*	2050*	1510	1635	1910	2050

\* ) Ruten utføres ikke på lørdager.

1) Anløper Austre Bokn hvis passasjerer fra stedet.  
Plass må bestilles.

2) Anløper Austre Bokn hvis passasjerer til stedet.  
Plass må bestilles.

X) Anløper Føresvik hvis passasjerer til/fra stedet.  
Plass må bestilles.

XX) Anløper ikke fredag.



### BARNETIME PÅ BIBLIOTEKET

TORSdag 13. APRIL KL. 17.00,  
YNSKJER BIBLIOTEKET BARN  
FRÅ 3 - 6 ÅR VELKOMNE TIL  
BARNETIME.



### LESETIPS FOR APRIL

- \* FALDBAKKEN, KNUT:  
BAD BOY
- \* JACOBSEN, ALF REIDAR:  
KHARG
- \* THOSETH, RAGNAR:  
SAGA SIGLAR



**OPNINGSTIDER:**  
**TIRSDAG :10-13**  
**TORSDAG:16-19**



### BIBLIOTEKET / ALLROMMET

BIBLIOTEKET KAN BLI EIN  
HYGGJELEG STAD Å VERA.  
TORSDAGSETTERMIDDAGAR  
I OPNINGSTIDA ER DET  
MULEG Å BRUKA ALLROMMET  
T.D TIL LESING, SPEL,  
KORTSPEL O.L.

### BARN/ UNGDOM

- \* JONER, TONE BERGLI & SVERRE:  
HERR PERGOLESI OG DE  
OPPFINNSOMME TONENE
- \* VIK, WALTER:  
FATHIMAS HEMMELIGHET
- \* SMÅGE, KIM:  
INERRAIL

## FOTOUTSTILLING

AV VEGBRUER

Statens Vegvesen har sett opp ein fin fotoutstilling av gamle og nye bruer. Utstillinga står i inngangspartiet til Boknatun, og er vel verd å sjå.

M.a. er det eit eldre bilde frå

bruia i Straumen, og eit nytt bilde av Frekasund bru. Elles er det mange fine bilder frå ulike kantar av fylket.

Utstillinga står til 18.april.

### «Den lille kunstner»

Den lille  
dekorerer  
kunstferdig  
på vinduet.  
kunstnerfingrer  
tegner streker  
på kryss og tvers.

Med glade krusseduller  
kunstneren  
prøver å si  
meg noe meget  
viktig,  
med barnslig  
fantasi.

Enkle  
streker uttrykker  
hva det føler  
og vil,  
på den store  
ruten  
er det fint  
å få det til.

Fra "Myke verdier" av Nanna Olaussen



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## JUBILEUMSKONSERT

Søndag 9.april markerer Musikkskulen at den er 10 år i år med en stor-konsert i gymsalen.

Konferansièr blir Jan Spurkeland som var skolesjef da Bokn Musikk-skule ble opprettet skole - året 78/79. Han vil også framføre noen av hans kjente viser fra Bokn-miljøet sammen med Blandakoret.

Blandakoret skal også framføre noen sanger sammen med den "voksne leikarringen". Både korene og leikarringene skal opptre for seg selv. Bl.a. blir det framført sanger som er spesial-skrevet til denne konserten.

Denne jubileumskonserten kan også by på en debut. Det er den nye pop-gruppa til Musikkkulen som skal opptre for første gang.

Du vil også få høre pianister, organister, fløytytister, sangere, messingblåsere, slagverkere og trekkspill.

Det er også meningen at så mange som mulig av elevene skal være med i et avslutningsnummer der det blir kraftig konstatert at Musikkkulen er 10 år.

Dette skulle være noe for enhver smak!

Så håper vi de inviterte "gamle" lærerne og andre som har spesielt tilknytning til Musikkkulen dukker opp, og vi får kanskje noen spontane innslag i konserten (?).

DET ER DUKET FOR EN FEST-KONSERT  
9.APRIL KL.13.30 - 15.30.

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN!

Hilsen Jardar

## FLAX FOR 250.000

I KRO

Bokn Bygdeblad har ringt opp Solfrid Kro. Ho vann i mars heile 250.000 kroner i Flax-lotteriet.

- Kor kjøpte du vinnarloddet?
- Det kjøpte eg på Kopparen.
- Kjøper du lodd kvar månad?
- Nei, berre av og til når eg er ute og reiser.
- Kjøper du andre lodd?
- Nei, eg tippar berre av og til lotto.
- Sende du loddet til Bodø?
- Ja, eg sende det rekondert. Det gjekk ei veke før eg fekk pengane.
- Kva tenkte du då du såg du hadde vunne?
- Eg syns det var vanskeleg å tru at det var sant. Men det er endelig gått opp for meg nå.

Solfrid opplyser at ho ikke har fått tiggarbrev.

På vårt spørsmål om ho har vanskar med å bruka pengane, svarar Solfrid

- Det er ikke problem å finna på noko å kjøpa, og det er moro å kunna vera i den situasjonen.

**TRELAST OG BYGGEFIRMA**  
**LANGDAG TIRSDAG**  
**DIN NÆRBUTIKK**  
**UTVIK<sup>A</sup>s**  
AVALDSNÆS - Tlf. 84 31 11  
Nær riksvegen og kai

**BOKN TEGNE- OG SALGSKONTOR**  
**RING SOLVEIG GUNDERSEN FOR**  
**AVTALE - TLF. 748501**  
**TEGNING - BYGGESAKSBEHANDLING -**  
**FORSLAG TIL KJØKKEN -**  
**MANGE GODE TILBUD**

B

## ARRANGEMENT I APRIL

- 9.april: Bokn Musikkskule har 10-års jubileumskonsert kl.13.30.
- 11.april: Teater Kolibri har forestillinga "Clownkompott" kl.15.45 på Bokn skule. Passer for barn frå 5-12 år. Arr.:Bokn kulturstyre i samarbeid med Rogaland fylkeskulturstyre.
- 13.april: Kino.
- 13.april: Barnetime på biblioteket kl.17.00 for barn frå 3-6 år.
- 16.april: Familietur i marka.Start kl.14-15.  
Arr.:Idrettslaget/Hage-laget.
- 22.april: Dans. Arr.:Bokn Idrettslag.
- 27.april: Basar. Arr.:Sjømannsmisjon-en.
- 28.april: Bingo. Arr.:Skulekorpset.

## TEATER FOR BARN

Tirsdag den 11.april kjem Teater Kolibri og har forestillinga Clownkompott på Bokn skule kl.15.45. Forestillinga passar for barn mellom 5 - 12 år. Inng.pengar kr.10,-. Arr.: Bokn kulturstyre med økonomisk støtte frå Fylkeskulturstyre.

## LENSMANNEN

har kontordag i Boknatun 1.fredagen kvar mnd. frå kl.10.00 - 12.00.

## SØNDAGSSKULE

Det vert søndagsskule den 23. og 30.april.

## GJELDSFORSIKRING

Alle personlege låntakarar mellom 18 og 67 år kan teikna gjeldsforsikring for alle typar personlege lån.

Forsikringa kan omfatte ved låntakars død, varig invaliditet og uførhet.



**SR-BANK**

Ta kontakt for utfyllande informasjon.

SR-BANK i samarbeid med Storebrand A/S.



**STOREBRAND**